


**Referat frå årsmøtet til
Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane
Laurdag 29. februar 2020 kl. 11.00**



Stad: Norsk Fjordhestgard, Byrkjelo

Sakliste årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste - godkjent

2. Konstituering

- stemmerett – 11 medlemmer med stemmerett + 4 gjester utan stemmerett
- val av ordstyrar – Laila Røneid
- val av referent – Inger Handegård
- val av 2 personar til å skrive under protokoll – Susanne Ramsli og Elin Anita Gjerde

3. Årsmelding 2019 – godkjent

4. Rekneskap 2019 – godkjent

Revisorrapport vart lagt fram.

5. Budsjett og aktivitetsplan 2020

Det er lagt opp til eit underskotsbudsjett på kr. 19.000.-

Budsjettet vart godkjent, men årsmøtet oppmodar om at alle utgifter gjennom året vert halde på eit minimum i forhold til aktivitet og budsjett.

6. Inkomne saker

Det var to saker frå styret

6 a: Revidere poengtabell til årets mestvinnande

Justert poengtabell vart godkjent slik som framlagt. Den vert lagt ut på klubben si heimeside.

6 b: Bonusordning/dugnad for avdelinga

Bonusordninga var eit prøveprosjekt i 2019. Styret valde å leggja saka fram for årsmøtet utan tilråding.

Årsmøtet vedtok å vidareføre bonusordninga i 2020, men styret får i oppdrag å "stramme" litt inn på ordninga, i samsvar med revisorrapport, få det tydlegare fram at opparbeida bonuspoeng må løysast ut i aktivitet i avdelinga seinast på årsmøtet året etter opparbeida bonuspoeng.

7. Val

Valkomiteen si innstilling vart vedteken.

Årsmøtet ser det som viktig at avdelinga vert representert på RS 2020. Årsmøtet gav styret fullmakt til å finne ein representant nr. 2 og eventuelt vara til RS.

Styret/ Verv	Namn	Periode
Leiar	Laila Røneid	2020/2021 attval
Nestleiar	Hilde Rotihaug	2019/2020 Ikkje på val
Medlem	Inger Handegård	2020/2021 attval
Vara	Linn Didriksen Solsvik	2020 Ny
Kasserer	Inger Handegård	2020/2021 attval
Revisor	Frank Fardal	2020 attval
Valkomit�		
Leiar	Elin Anita Gjerde	2020 attval
Medlem	Morten Norheim	2020 ny
RS-utsending 2020		
	1: Hilde Rotihaug	
	2:	
Jaktkontakt	Linn Didriksen Solsvik	2020 attval
Brukskontakt	Inger Handegård	2020 attval g
Webansvarleg	Inger Handegård	2020 attval

Premieutdeling og utlodding

Etter årsmøtet var avslutta, var det utdeling av premiar i samband med adventskalenderkonkurransen og konkurransen om  rets mestvinnande.

Det var ikkje kandidatar til  rets debutant og  rets junior i 2019. Som vanleg hadde me utlodding av hovudpremien som er ein gratis start p  eitt av avdelinga sine arrangement. I  r vart denne trekt blant alle framm tte medlemmer – eit lodd pr. medlem – og vinnar vart Inger Handeg rd. Styret stilte s  med eit rikhaldig premiebord og det vart seld lodd for heile kr. 1879,69 (ein del vipps-betalingar). Takk til alle som bidrog til   st tte avdelinga gjennom   kj pe lodd.

Felles mat og sosial prat

S  var det duka for felles koldtbord der medlemmene bidrog til eit flott og rikhaldig bord.

F redrag om engelsk springer spaniel – sett med dommarens auger

Etter maten var det eit sv ert interessant og l rerikt foredrag av eksteri rdommar Zoran Roknic om engelsk springer spaniel sett med dommarens auge. Som ei kort oppsummering s  vert hundane d mt ut fr  rasestandarden, men dommaren har berre nokre minutt p  seg for   vurdere kvar enkelt hund i ringen. Det er viktig   trene kontakt med hunden fr  den er liten for   kunne ta denne kontakten med inn i ringen.

I tillegg må hunden vera i god kondisjon på alle måtar. Det kostar å stille ut, påmeldingsavgift, reise og kanskje overnatting, så det er god investering i å trene og stelle hunden. Lær hunden til å stå og trave mest mogleg naturleg, ikkje gjennom å tvinge hunden til å stå i ein viss stilling og dra den rundt ringen i stramt band.

"Prøveutstilling" med open kritikk

Etter føredraget var det praktisk trening i ridehallen der alle fekk prøve seg på å vise hund og å sjå på eksteriør og bevegelsar. Ein og ein hund og førar fekk prøve seg i ringen. Det var med ein welsh springer spaniel og 9 engelsk springer spaniel.

Det vart konkludert at me skal arrangere utstillingskurs på Eid i god tid før utstillinga vår og med Zoran som instruktør.

Me avslutta utstillinga ca. kl. 17.00 og alle reiste heim kvar til sitt.

Referat

Inger Handegård 01.03.2020

9/03-20

Dato/ sign

Susanne Ramsli

Dato/sign

Elin Anita Gjerde

Elin Anita Gjerde

17/3-20